

Fra: Knut Inge Andersen (knia@equinor.com)

Sendt: 03.05.2021 10:59:03

Til: Jon Askeland

Kopi: Politisk; Rune Haugsdal; Bertil Søfteland; Haugland, Nils

Emne: Spørsmål til fylkeutvalet 10/11.5. Manglande oppslutnad rundt Vestland

Vedlegg:

Spørsmål til fylkesutvalet 10/11.5 – Manglande oppslutnad rundt Vestland.

NRK hadde nyleg ei sak der ei fersk meiningsmåling syner at 63,5 prosent av dei spurde i tidlegare Sogn og Fjordane vil løyse opp det nye storfylket. Berre 22,5 prosent vil halde på Vestland dersom det blir ei folkeavrøysting. Blant hordalendingane er stemninga delt på midten (38,9 mot 37,4 prosent). Når dei to valdistrikta vert handsame som eitt fylke, er det samla sett fleirtal for å dele det nye fylket (43,1 mot 34,9 prosent). Det er kjent at Senterpartiet går til val på oppløysing av Vestland. Det same gjer SV og Raudt. MDG på si side skriv i eit lesarinnlegg i BT den 1.mai (toppkandidatane Hermstad og Dalin): 'Vi i MDG føler ikkje noko kjærleik til det nye storfylket'.

Bompengepartiet FNB har faktisk freista å fremje saker som kan vere med å byggje ein ny Vestland-identitet. Det kan godt handle om symbol. Vi foreslo i Kulturutvalet sist veke at ein ny fylkesstein kunne vere ein ide. Men det vart nedstemt 15 mot 2 røyster.

Spørsmål til fylkesordføraren:

Vestland slit med därleg oppslutnad og entusiasme. Det er ganske urovekkjande og det ville i ei bedrift ha generert snarlege tiltak for å arbeide med omdømmebygging/PR.

Vil fylkesordføraren ta initiativ til eit PR-program som kan byggje ny entusiasme rundt Vestland?

Helsing

Knut Inge Andersen

Medlem Fylkesutvalet

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you